



Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15111 - 20/68435

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
28.10.2020

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 357/33 Sætre

Tiltak: avlaupsledning/anlegg
Byggjestad: Gbnr: 357/33
Tiltakshavar: Martin Ingebrigst Seim
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal

Kommunen viser til vårt brev datert 20.09.2020 der me opplyste at søkanden var for mangelfull til at denne kunne handsamast og me etterspurde følgjande:

- Gjennomføringsplanen manglar versjonsnummer og underskrift av ansvarleg søkjar.
- Gjennomføringsplanen er mangelfull utfylt og det er ikkje samsvar mellom gjennomføringsplan og skjema for erklæring av ansvarsrett. Desse to skjema skal vere identiske i forhold til ansvarsrettar. Ansvarsrettar skal ha kvar si linje i gjennomføringsplanen på sam måte som erklæring av ansvarsrett skjema.
- Fløysand VA AS har erklært ansvarsrett for UTF utvendig røyrlegging, PRO utvendig røyrlegging og UTF manuell graving.
- I gjennomføringsplanen er det vist til at utføring graving skal utførast av tiltakshavar utan ansvarsrett. (Ikkje samsvar mellom gjennomføringsplan og erklæring om ansvarsrett.)
- Skal tiltakshavar stå for gravearbeida, skal skjema 5184 søknad ansvarsrett ssjølbyggjar følgje med søknaden.
- I erklæring av ansvarsrett skjema er det kryssa for at samsvarerklæring/kontrollerklæring for utførande arbeid (UTF) skal liggje føre ved igangsetjingsøknad/eitt-trinns søknad. Samsvarerklæring/kontrollerklæring for utføring kan/skal ikkje ligge føre før etter at arbeida er utført. Dette må rettast opp i skjema.

- Kryss for planlagt samsvarserklæring / kontrollerklæring skal erstattast med dato når denne ligg føre.

Korrekt og fullstendig utfylt skjema for erklæring av ansvarsrett, korrekt og fullstendig utfylt gjennomføringsplan og skjema 5184 søknad ansvarsrett sjølvbyggjar må sendast til kommunen før søknaden kan handsamast.

Kommunen har den 12.10.2020 mottatt oppdatert gjennomføringsplan versjon 1 datert 03.10.2020 signert av ansvarleg søkjar.

Dei andre punkta i vårt brev av 20.09.2020 kan me ikkje sjå å ha motteke svar på. Det skal vere samsvar mellom erklæring av ansvarsrett skjema og gjennomføringsplan.

Søknad om ansvarsrett som sjølvbyggjar ligg ikkje føre.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **28.11.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jens H N Bjordal
Martin Ingebrigt Seim

Grønlandsvegen 11 5918 FREKHAUG
Vilhelm Bjerknes' vei 58 C 5081 BERGEN